



JORDBRUKS- STATISTIKK 1970

AGRICULTURAL STATISTICS 1970

NORGES OFFISIELLE STATISTIKK A 428



JORDBRUKSSTATISTIKK
1970

AGRICULTURAL STATISTICS
1970

STATISTISK SENTRALBYRÅ
CENTRAL BUREAU OF STATISTICS OF NORWAY
OSLO 1971

FØREORD

I dette heftet legg Byrået fram oppgåver over areal og husdyrhald i jordbruket pr. 20. juni 1970. Tala er henta frå utvalsteljinga i 1970. Omframt dei vanlege oppgåvene over areal og husdyrhald blei det henta inn oppgåver over produksjonen i 1969 av kjøt, flesk, mjølk og egg. Resultata for produksjonen av kjøt og flesk blir gitt seinare.

Heftet inneholder elles den årlege statistikken over avlingane i jordbruk og hagebruk, husdyrhald pr. 31. desember, kjøtkontroll, fjøskontroll, paringsstatistikk for svin, løner i jordbruket, omsetnad og prisar på fast eigedom m.v. Det er også med eit oversyn over prisar på jordbruksprodukt og produksjonsmiddel m.v.

Førstesekretær John Arne Kjenn har stått for arbeidet med publikasjonen.

Statistisk Sentralbyrå, Oslo, 9. juli 1971

Petter Jakob Bjerve

Norvald Ones

PREFACE

This publication contains data on agricultural area and livestock as of 20 June 1970. The results are from the annual sample survey of agriculture 1970. In addition to the usual statistics on area and livestock, data were also collected on the production in 1969 of meat, milk and eggs. In this publication results are given for the production of milk and eggs.

This volume further contains the annual statistics on agricultural and horticultural crops, livestock as of 31 December, controlled slaughtering, milk-recording, covered sows, wages in agriculture, sales and prices of real property etc., and a survey on prices of agricultural products and means of production etc.

Mr. John Arne Kjenn has been responsible for the preparation of this publication.

Central Bureau of Statistics, Oslo, 9 July 1971

Petter Jakob Bjerve

Norvald Ones

INNHOLD

| | Side |
|---|------|
| I. Det statistiske materialet | 7 |
| II. Jordbruk og hagebruk | 7 |
| 1. Brukstal og jordbruksareal | 8 |
| 2. Nydyrkning | 8 |
| 3. Avlingane | 8 |
| a. Jordbruket | 8 |
| b. Hagebruket | 8 |
| III. Husdyrhaldet | 9 |
| 1. Talet på husdyr | 9 |
| 2. Husdyrprodukta | 9 |
| a. Samla produksjon | 9 |
| b. Meieriproduksjon m.v. | 9 |
| c. Kjøtkontrollen | 9 |
| d. Paringsstatistikk for svin | 9 |
| e. Pelsskinn | 10 |
| f. Fjøskontrollen | 10 |
| IV. Driftsmiddel | 10 |
| 1. Maskinar og reiskapar | 10 |
| 2. Handelsgjødsel og kraftfør | 10 |
| V. Arbeidskrafta i jordbruket | 10 |
| VI. Prisar, økonomi m.v. | 10 |
| 1. Prisar på landbruksprodukt og produksjonsmiddel | 10 |
| 2. Rekneskapsresultat | 11 |
| a. Driftsresultat i jordbruket | 11 |
| b. Meieridrift | 12 |
| c. Jordbrukets totalrekneskap | 12 |
| 3. Investeringar, lån og statstilskot | 12 |
| 4. Løner i jordbruket | 12 |
| 5. Prisar på faste eigedomar | 12 |
| VII. Husdyrproduksjonen 1969 | 12 |
| 1. Mjølk | 13 |
| a. Kummjølk | 13 |
| b. Geitmjølk | 13 |
| 2. Egg | 14 |
| Samandrag på engelsk | 15 |
| T a b e l l r e g i s t e r | 18 |
| V e d l e g g | |
| 1. Utvalstelling for jordbruket 1970. Oppgåveskjema | 97 |
| 2. Utkome før | 99 |
| 3. Publikasjonar sende ut frå Statistisk Sentralbyrå sidan 1. juli 1970 | 101 |
| 4. Utvalde publikasjonar i serien Statistisk Sentralbyrås Håndbøker (SSH) | 105 |

S t a n d a r d t e i k n

- Null
- .. Oppgåve vantar
- . Tal umogleg (ulogisk)
- 0 Mindre enn ein halv av den
nytta eininga
- Brudd i den loddrette serie

CONTENTS

| | Page |
|--|------|
| I. The statistical material | 7 |
| II. Agriculture and horticulture | 7 |
| 1. Number of holdings and agricultural area | 8 |
| 2. Cultivation | 8 |
| 3. Production | 8 |
| a. Agriculture | 8 |
| b. Horticulture | 8 |
| III. Livestock | 9 |
| 1. Number of heads | 9 |
| 2. Livestock production | 9 |
| a. Total production | 9 |
| b. Dairy products etc. | 9 |
| c. Controlled slaughtering | 9 |
| d. Covered sows | 9 |
| e. Fur production | 10 |
| f. Milk-recording | 10 |
| IV. Means of production | 10 |
| 1. Machinery and implements | 10 |
| 2. Fertilizers and concentrated feeds | 10 |
| V. Labour force in agriculture | 10 |
| VI. Prices and working results | 10 |
| 1. Prices of agricultural products and means of production | 10 |
| 2. Working results | 11 |
| a. Working results of farms | 11 |
| b. Dairy industry | 12 |
| c. Aggregate account of agriculture | 12 |
| 3. Investments, loans and subsidies | 12 |
| 4. Wages in agriculture | 12 |
| 5. Prices of real property | 12 |
| VII. Livestock production 1969 | 12 |
| 1. Milk | 13 |
| a. Cow's milk | 13 |
| b. Goat's milk | 13 |
| 2. Eggs | 14 |
| English summary | 15 |
| I n d e x o f t a b l e s | 20 |
| A p p e n d i c e s | |
| 1. Sample survey of agriculture. 1970. Questionnaire | 97 |
| 2. Previously issued | 99 |
| 3. Publications issued by the Central Bureau of Statistics since 1 July 1970 | 101 |
| 4. Selected publications in the series Statistisk Sentralbyrås Håndbøker (SSH) | 105 |

Explanation of Symbols

- Nil
- .. Data not available
- . Category not applicable
- 0 Less than half of unit employed
- Break in the homogeneity of

I. DET STATISTISKE MATERIALET

Pr. 20. juni 1970 blei det halde ei utvalsteljing for jordbruksareal etter liknande retningslinjer som i åra 1960 - 1968.

Det blei i 1970 trekt eit nytt utval av bruk som skal gi oppgåver til utvalsteljingane pr. 20. juni i åra frametter. Utvalet omfattar vel 18 000 bruk med minst 5 dekar jordbruksareal i 1969. Med i utvalet er 10 prosent av bruka med 5 - 99,9 dekar jordbruksareal, 20 prosent av bruka med 100 - 499,9 dekar og alle bruk med minst 500 dekar ved den fullstendige jordbrukssteljinga i 1969. I utvalet er kommunar og bruksklassar representerte i høve til talet på bruk ved jordbrukssteljinga. Innan kvar storleiksklasse er bruka tekne ut tilfeldig.

Totaltal for areal og maskinar 1970 er rekna ut på grunnlag av tala for dei undersøkte bruka og utvalsprosenten. For husdyrhaldet er totaltala rekna ut på grunnlag av dei relative endringane frå 1969 til 1970 ved dei undersøkte bruka. Utrekningane gjeld såleis for bruk med minst 5 dekar jordbruksareal, men det er gjort tillegg for bruk under 5 dekar med same areal og husdyrtal som i 1969.

I samband med areal- og husdyrteljinga pr. 20. juni blei det i 1970 henta inn oppgåver over produksjonen av kjøt, flesk, mjølk og egg. Sidan 1950 har det vore slik teljing kvart femte år. Den førre var i 1965. I denne publikasjonen gir ein resultata for mjølk- og eggproduksjonen, medan oppgåvene over kjøt- og fleskeproduksjonen blir publiserte i Jordbruksstatistikk 1971. Årlege oppgåver over husdyrproduksjonen blir rekna ut av Budsjettetnemnda for jordbruksareal, men på eit noko anna grunnlag.

Ei utvalsteljing for husdyrhald pr. 31. desember 1970 blei halde på omtrent same måte som ved førre årsskiftet. Det er også ved denne teljinga brukt nytt utval for 1970. Det omfattar 50 prosent av dei bruka som gav oppgåver til utvalsteljinga pr. 20. juni, det vil seie vel 9 000 bruk. Også i dette utvalet er kommunar og bruksklassar representerte i høve til talet på bruk ved jordbrukssteljinga. På grunnlag av endringane i dyretalet frå juni til desember på dei undersøkte bruka, er det rekna ut totaltal for landsdelar og heile landet.

Avlingsstatistikken for jordbruksareal byggjer på oppgåver frå jordstyret i kvar kommune. For hagebruksareal byggjer statistikken på oppgåver frå fylkeslandbruksseksjonen.

Statistikken over løner i jordbruk og skogbruk blei omlagt i 1968. Oppgåver over vanleg betalt løn i kommunane blei henta inn siste gongen for driftsåret 1967 - 68. Hausten 1970 blei det henta inn individuelle lønsoppgåver for menn og kvinner frå 1 477 bruk. Denne statistikken blir publisert som annan lønsstatistikk, berre eit utdrag er tatt inn i Jordbruksstatistikk.

Statistikken over omsetnad av faste eigedomar og utrekning av gjennomsnittsverdiane pr. skyldmark byggjer på oppgåver over tinglyste heimelsbyte.

Publikasjonen har også med ein del annan statistikk vedrørande jordbruksareal, frå Byrået og frå andre institusjonar.

II. JORDBRUK OG HAGEBRUK (Tab. 1-23)

Med fulldyrka jord meiner ein jord i hevd som er pløgd eller oppbroten til vanleg plogdjupn og som framleis kan pløyast. Natureng og overflatedyrka jord gjeld slåtteng og kulturbeite som ikkje er fulldyrka. Ein tek ikkje med utslåtter, hamnehagar og anna udyrka beite i utmarka. Frå 1969 gjeld jordbruksarealet berre jordbruksareal i drift og blir rekna som summen av fulldyrka jord og natureng og overflatedyrka jord i drift.

Produktiv skog under barskoggrensa er etter skogbrukssteljinga i 1967 - som ved teljinga i 1957 - skog som fyller same minstekrav som Landsskogtakseringen har rekna med ved revisjonstakseringane (bonitet 5). Lauvskog over barskoggrensa reknar ein no ikkje med som produktiv skog. Skogbrukssteljingane gjeld berre eigedomar med til saman minst 25 dekar produktiv skog, skog over barskoggrensa og/eller skogreisingsareal.

"Anna areal" er differansen mellom samla landarealet etter Geografisk oppmåling og dei nemnde jordbruks- og skogareal. Det meste er areal over skoggrensa. Dette arealet er rekna ut av Landsskogtakseringen og seinare revidert i Byrået. Anna areal under skoggrensa omfattar såleis både utslåtter og udyrka beiteareal, tresett og ikkje tresett impediment og myr, og areal nytta til byggjegrunn, vegar, jarnveg m.v.

Tabell 1 viser fordelinga av landarealet. Dette utgjer 95,1 prosent av totalarealet, og ferskvatn såleis 4,9 prosent.

1. Brukstal og jordbruksareal (Tab. 1-11)

I tidsrommet mellom dei fullstendige jordbrukssteljingane blir oppgåver over brukstal, jordbruksarealet og bruken av det kvart år samla inn ved utvalsteljingar pr. 20 juni. Desse utvalsteljingane gjeld berre bruk med minst 5 dekar jordbruksareal i drift. For å få totaltal for areal og husdyr er det gjort tillegg for mindre brukseiningar etter jordbrukssteljinga i 1969.

Arealgrensene for gruppering av bruka på storleiksklassar etter jordbruksareal er endra frå 1969. Ein nyttar no grupperinga: bruk med 5,0-19,9 dekar, 20,0-49,9 osb. Tidlegare var grupperinga 5,1-20,0, 20,1-50,0 dekar osb. Samstundes skal ein vere merksam på at bruka tidlegare blei grupperte etter jordbruksareal i alt, medan dei frå 1969 er grupperte etter jordbruksareal i drift. Dette vil seie at t.d. engareal som ikkje var tenkt hausta i 1970, blei halde utanfor. Tidlegare blei slikt areal rekna med. Jordbruksareal som varig er gått ut av bruk, er ikkje tatt med.

Talet på bruk med minst 5 dekar jordbruksareal gjekk tilbake frå 198 000 i 1959 til 155 000 i 1969. Nedgangen frå 1969 til 1970 var på vel 9 000 brukseiningar. Det er talet på mindre bruk som er redusert, medan det er blitt fleire bruk med minst 100 dekar jordbruksareal sidan 1959.

2. Nydyrkning (Tab. 12-13)

Alle planar om nydyrkning, grøfting m.v. som skal ha statsstønad blir utarbeidd av heradsagronomen og godkjende av landbruksseksjonen og Jorddirektoratet. Landbruksseksjonen fører statistikk over dei nydyrka areal i fylka og sender oppgåvene til Jorddirektoratet, som utarbeider tala for riket.

3. Avlingane (Tab. 14-23)

Ved utgangen av kvar månad i tida mai-oktober blir det sendt ut meldingar frå landbruksdirektøren om veksttilhøva og avlingsvонene for jordbruks- og hagevekstane. Ved utgangen av oktober blir det og gjort ei førebels utrekning av avlingsmengdene. Byrået reknar seinare ut dei endelege avlingsmengdene for jordbruksvekstane etter oppgåver frå jordstyra, og for hagevekstane etter oppgåver frå landbruksseksjonen (fylkesgartnarane).

a. Jordbruket (Tab. 14-18)

Samla avling av korn, potet, rotvekstar, grønfôr og silovekstar, engvekstar til slått (høy og gras) og halm blei 2 323 mill. føreiningar i 1970 (avling frå beite er ikkje rekna med). Utrekninga av føreiningar er gjort med faste omrekningstal. Talet på føreiningar i alt viser difor samla avlingsvolum rekna som dyrefôr, medan den verkelege førverdien kan vere mindre eller større, etter kvaliteten av avlingane. Avlinga i 1970 er rekna til 98 prosent av eit middelsår, mot 85 prosent året før.

Frå 1970 reknar ein avlinga av grønfôr (raigras, korn og oljevekstar) i råvekt hausta på jordet. Tidlegare blei grønfôravlingane rekna om til tørrvekt og var då redusert for tørke- og bergingstap. Tala for 1970 kan difor ikkje jamførast med tidlegare år.

Avlinga i eit "middelsår" er i avlingsstatistikken definert som den avlingsmengd ein ventar å få i eit vanleg godt år, når det ikkje er noko særleg som skiplar avlingsvонene. I gjennomsnitt for dei siste 10 åra var avlinga 95 prosent av eit middelsår. Det vil seie at "middelsåret" representerer eit avlingsnivå som ligg rundt 5 prosent høgare enn gjennomsnittet av dei oppnådde avlingane. Avviket frå gjennomsnittet er ikkje det same for alle vekstane, og er større for åkervekstar enn for eng. Dei utrekna middelsårsavlingane pr. dekar gir elles eit godt bilet av utviklinga i dyrkingsteknikk m.v. frå år til år, av di middelsåret er lite påverka av dei årlege skiftingar i veksttilhøve og avlingsmengd.

b. Hagebruket (Tab. 19-23)

Jordbrukssteljinga 1969 hadde same gruppering av frukt og hagebær som i 1959, og avlingstal for desse produkta kan jamførast med tidlegare år.

For grønsakene er det nokre endringar. Ved jordbrukssteljinga i 1969 blei det henta inn arealoppgåver for følgjande frilandsgrønsaker: kål, gulrot, purre, matlauk, agurk, hageerter, bønner, selleri og raudbete. Areal mindre enn 0,1 dekar til kvar einskild vekst er ikkje medrekna korkje i 1969 eller i 1959. For hageerter, bønner, selleri og raudbete blei arealet i 1969 avgrensa til dei bruk som i alt dyrka minst 1 dekar grønsaker på friland. For rabarbra og tomat på friland blei det ikkje

henta inn arealoppgåver i 1969. For agurk og tomat under glas/plast gir jordbrukssteljinga tal berre for bruk som hadde minst 100 m^2 i 1969.

For 1970 og seinare år vil ein berre gi avlingstal for dei vekstane jordbrukssteljinga gav einingstal for i 1969. Dette gjer at avlinga av einskilde grønsaker ikkje kan samanliknast med tal frå tidlegare år.

III. HUSDYRHALDET (Tab. 24-52)

1. Talet på husdyr (Tab. 24-34)

Talet på husdyr blir mellom dei fullstendige jordbrukssteljingane rekna ut på grunnlag av utvalsteljingar pr. 20. juni.

Frå 1953 har det vore årlege husdyrteljingar ved utgangen av året. Teljinga omfattar nær 6 prosent av bruken med minst 5 dekar jordbruksareal i 1969. I denne publikasjonen tek ein med totale dyretalet berre for riket under eitt.

Byrået har ikkje årlege pelsdyrteljingar. Den siste fullstendige teljinga blei halde i samband med Jordbrukssteljinga 20. juni 1969. Norges Pelsdyralslag reknar ut dyretalet på grunnlag av oppgåver over aldsdyra og skinnproduksjonen. Desse tala kan ikkje utan vidare jamførast med Byråets teljingar, men dei viser likevel utviklinga i store trekk i åra mellom dei fullstendige jordbrukssteljingane.

2. Husdyrprodukta (Tab. 35-52)

a. Samla produksjon (Tab. 35)

I samband med utvalsteljinga i 1970 blei det henta inn oppgåver for utrekning av samla husdyrproduksjon i landet. Nokre av resultata er tekne inn sist i denne publikasjonen. Liknande produksjonssteljingar er haldne i 1928, 1947 og kvart 5. år frå og med 1950. For tidlegare år er det gjort ymse overslag over produksjonen på grunnlag av dyretalet.

Budsjettnemnda for jordbruket reknar årleg ut mengdene av husdyrprodukt på ein noko annan måte. Saman med produksjonsteljingane er også oppgåver over omsetnaden av husdyrprodukt lagde til grunn for utrekningane. I samband med utrekningane av tala for 1970 er somme av oppgåvene for tidlegare år reviderte.

b. Meieriproduksjon m.v. (Tab. 36-45)

Opplysningsar om meieribruket blei inntil 1965 publiserte i ein eigen publikasjon (Meieribruket i Noreg).

Frå 1966 er meieristatistikken omlagd. Dette er nærmere omtala i Jordbruksstatistikk 1967 (s. 12 - 13). Årsoppgåver frå meieria blir henta inn etter same prinsipp som for annan industri, og opplysningsar om meieria som industriverksemder blir publiserte i Byråets industristatistikk.

Månadsstatistikk over mottak av mjølk og fløyte blir utarbeidd av Norske Melkeprodusenteres Landsforbund og gjeld all levering frå mjølkeprodusentane til meieri eller kondenseringsfabrikk. Oppgåvene over sal av mjølk og fløyte gjeld sal både til vanleg konsum og til slik industri som iskremfabrikker, bakeri ø.l. Produksjon av sterilisert fløyte er rekna med som sal. Samla sal omrekna til heilmjølk gjeld både dei selde mengdene og svinnnet ved handsaminga.

c. Kjøtkontrollen (Tab. 46-48)

Oppgåvene frå kontrollveterinærane over offentleg kjøtkontroll gjeld tal og vekt på førstegongskontrollerte slakt som er godkjende til folkemat. Tal for kasserte slakt og dyrefør blir publiserte i den årlege veterinærstatistikken.

d. Paringsstatistikk for svin (Tab. 49-50)

Frå 1936 har Byrået gjennom jordstyra henta inn oppgåver over talet på purker som er para. Oppgåvene kan i nokon mon nyttast til å gjere overslag over fleskeproduksjonen året etter. Ein har publisert månadsvise tal frå 1961, og desse viser sesongendringa gjennom året.

e. Pelsskinn (Tab. 51)

Overslag over samla produksjon av pelsskinn frå pelsdyrgardane blir gjort av Norges Pelsdyralslag på grunnlag av omsetnad m.v. Det meste av produksjonen blir selt til utlandet. Oppgåver frå handelsstatistikken gir difor også eit bilet av produksjonsutviklinga.

f. Fjøskontrollen (Tab. 52)

I 1970 var 27 400 buskapar med i alt 231 000 årskyr med i fjøskontrollen. 55 prosent av kyrne i landet var under kontroll. Mjølkeavdrøtten pr. ku ligg høgare i dei kontrollerte buskapane enn gjennomsnittet for landet etter produksjonsteljingane, men avdrøttstala kan ikkje samanliknast utan vidare.

IV. DRIFTSMIDDEL (Tab. 53-58)

1. Maskinar og reiskapar (Tab. 53-55)

Oppgåver over maskinar og reiskapar i jordbruket får ein til vanleg berre ved dei fullstendige jordbruksteljingane. Jordbruksteljinga 1969 synte at det har skjedd ei sterk mekanisering i jordbruket sidan 1959.

Mykje av maskinutstyret i jordbruket blir innført frå utlandet, men mykje kjem og frå norsk industri, som dessutan har utførsle av somme av desse produkta.

2. Handelsgjødsel og kraftfør (Tab. 56-58)

Gjennom oppgåver over omsetnad og lager har ein god kjennskap til forbruket av handelsgjødsel i landet for ei årrekke. Høgprosentlege og allsidige gjødselslag utgjer ein aukande del av forbruket. Nesten all gjødsla blir nytta i jord- og hagebruk. Relativt små mengder har til no blitt brukt i skogbruket.

Innførsla av kraftfør var mykje større i 1970 enn året før. Særleg var det auke i innførsla av karbohydratkraftfør, medan tilgangen frå norske produsentar var 75 000 tonn mindre enn i 1969.

V. ARBEIDSKRAFTA I JORDBRUKET (Tab. 59-62)

Særskilt for jordbruket er det både i samband med dei fullstendige jordbruksteljingane (frå 1929) og ved utvalsteljingar i somme år, henta inn oppgåver for utrekning av samla arbeidskraft gjennom eit driftsår. Jordbruksteljinga 1969 henta såleis inn oppgåver over arbeidskrafta i driftsåret 1968-69. Desse er gitt i dagsverk, og husarbeid for kvinnelege brukarar og ektemakar er halde utanom teljinga. Det er difor ikkje lett å jamføre tala med oppgåver for tidlegare år.

Tabellane over arbeidskrafta i jordbruket er for tidlegare år rekna i årsverk. Desse tala er no omrekna til dagsverk ved å rekne 280 dagsverk lik eit årsverk. For å få med husarbeid for kvinnelege brukarar og ektemakar også for 1969, har ein gått ut ifrå at alle desse gjer eit årsverk (280 dagsverk). Arbeidet i huset kjem då fram ved å redusere deira totale arbeidstid (280 dagsverk) med arbeidet på og utanom bruket.

VI. PRISAR, ØKONOMI M.V. (Tab. 63-85)

1. Prisar på landbruksprodukt og produksjonsmiddel (Tab. 63-71)

Jordbruksavtalen 1968-1970, med tilleggsavtale av mai 1969, gjekk ut 30. juni 1970. Det blei gjort ein ny to-årig avtale 29. mai 1970 for perioden 1. juli 1971 til 30. juni 1972. Ein rekna med at avtalen skulle gi jordbruket ein inntektsauke på i alt ca. 320 mill. kroner i første avtaleåret og 55 mill. kroner meir enn dette i andre avtaleåret.

Avtalen inneholder føresegner om reguleringar knyttet til konsumprisindeksen om lag som ved tariffavtalane for lønstakarar. Reguleringane blei berekna slik at jordbruket skulle ha ein

inntektsauke på 19 mill. kroner for kvart poeng konsumprisindeksen steig frå 15. mars 1970 til 15. mars 1971.

Nytt i avtalen 1970-1972 var at det blei avsett 20 mill. kroner til gjennomføring av ei trygdeordning for grassilo i dei områda som har 6 øre eller meir i distriktstilskot på mjølk. Nytt var det og at dei viktigaste investeringstilskota til jordbruket blei samla i eit Landbrukets Utbyggingsfond. Fondet blei gitt ein startkapital på om lag 150 mill. kroner og ein årleg tilførsle av midlar på knapt 70 mill. kroner. Avtalen byggjer elles stort sett på same prinsipp som tidlegare avtalar.

Reglane for driftstilskot blei endra noko, slik at ein frå tilskotsåret 1970-1971 har høve til å rekne næringsinntekt frå fiske som landbruksinntekt med inntil same beløp som brukarens jordbruksinntekt. Bruk i distrikt med 3 og 6 øre i tillegg på mjølk fekk auka sine tilleggsspoeng frå 20 til 30 og frå 40 til 50. Samla tilskot blei auka til 140 mill. kroner for tilskotsåret 1970-1971.

Prinsippet for kraftførordninga er halde ved lag. Prisane på proteinkraftfør blei auka med 15 øre pr. føreining i gjennomsnitt. Kraftførabatten blei heva med 10 øre pr. føreining, og rabattmengda for sau auka med 10 kg pr. vinterfôra sau.

Prisindeksen for jordbruket er rekna ut ved Institutt for driftslære og landbruksøkonomi ved Norges Landbrukshøgskole. Basisåret er no 1965 mot tidlegare 1952. Ein har i Jordbruksstatistikk 1970, forutan 1970-indeksane, tatt med tilbakegåande tal for åra 1965-1969.

Ved jordbruksavtalen blei produsentprisane for alt norsk korn sette opp med 4 øre pr. kg for avlingsåret 1970. Trygdesatsane for maling av eige korn blei fastsette til 28 øre i grunntrygd og 12 øre i tilleggstrygd. Prisen på oljefrø blei sett opp med 10 øre pr. kg.

Hausten 1970 var potetprisane stort sett som året før, og prisane låg godt under prisgrensa som gir høve til import. Etter avtalen av 1970 blei prisgrensene for matpotet auka med 20 prosent. Grønsakprisane var hausten 1970 til dels høgare enn året før, og periodisk kom somme grønsaker over prisgrensene som gir høve til import. Prisen på norsk frukt hausten 1970 låg noko over fjarårsnivået, men nådde ikkje øvre prisgrense for eple eller pære.

Frå 1. juli 1970 blei maksimalprisane ved sal av konsummjølk til forhandlar auka med 14 øre pr. liter. Maksimalprisen på 35 prosent flytte til forhandlar auka med 50 øre, og i middel steig prisane på ost med 45 øre pr. kg. Grensene for distriktstilskot på mjølk i Nord-Noreg blei endra, og tilskotssatsane for heile landsdelen auka med 1 øre pr. kg. Vidare blei det for Sør-Noreg i grensebygdene mot Nordland og i einskilde høgareliggjande fjellbygder og grender oppretta ei sone som får 9 øre i distriktstilskot. Utbetalingsprisen til produsent er etter den nye avtalen berekna å auke med 6 øre pr. liter mjølk.

For kjøt, flesk og egg skal jordbruksorganisasjonane syte for at middelprisane for året blir haldne på eller under dei nivå som er fastsette i jordbruksavtalen. Ved avtalen 1970 blei prisane auka med 30 øre pr. kg for slakt av okse og lam, 50 øre for svin og 15 øre for egg.

Avrekningsprisen for norsk ull blei sett opp med kr. 1,00 pr. kg etter jordbruksavtalen av 1970.

Det var sterkt prisfall på pelsskinn utetter vinteren og våren 1970. Prisane for blårev og mink var lågast i mai, og middelprisen for desse blei vesentleg lågare enn i sesongen før. Septemberauksjonen 1970 viste ein liten auke i prisane, men dei gjekk ned att utetter våren 1971.

2. Rekneskapsresultat (Tab. 72-77)

a. Driftsresultat i jordbruket (Tab. 72-73)

Eit oversyn over resultata frå dei vel 1 000 rekneskapane som Norges Landbruksøkonomiske Institutt arbeider med, er gitt i tabellane 72 og 73.

Rekneskapsresultata er og utrekna pr. brukseining. Dersom ein tek med inntekt frå skogbruk og anna yrke utanom jordbruket, får ein samla arbeidsvederlag og forrenting. Frå dette går gjeldsrenter og kårytingar, og ein får att nettoinntekta for familien. Rekna som uvegne gjennomsnitt for dei undersøkte bruka var nettoinntekta 30 776 kroner i 1968 og 30 405 kroner i 1969.

b. Meieridrift (Tab. 74-76)

Dei oppgåvane over driftsrekneskapar som ein får inn, gjeld meieri med sideverksemder, men ikkje kondenseringsfabrikkane. Oppgåvane blei før 1966 gitt for kvar meieriverksemd og blei bearbeidde fylkesvis. Frå 1966 blir oppgåvane gitt for kvart meieriføretak (med tilhøyrande verksemder), og dei blir bearbeidde for mjølkesentralområde. Finnmark fylke er rekna som eitt område. Nettoutbytet blir utrekna særskilt for sjølv meieridrifta, for anna verksemd og samla for meieriføretaka. Netto-utbytet blir rekna ut pr. liter mjølk (frå eigne leverandørar) mot før pr. kg.

c. Jordbruks totalrekneskap (Tab. 77)

I samband med tingingane om jordbruksprisane har Budgettnefnden for jordbruket gjort utrekningar over samla inntekter og utgifter for jordbruksnæringa. Prinsippa for utrekningane er dei same som Byrået nyttar når det set opp nasjonalrekneskapen. Totalrekneskapen skal i første rekjkje syne kva verdi som er skapt i driftsåret av den arbeidskraft og kapital som er sett inn i jordbruket. Som kostnader reknar ein med verdien av varer og tenester frå andre næringssektorar og slitasje på varige driftsmiddel som maskinar, reiskapar og driftsbygningar. Den summen som då er att, kallar ein jordbruket sitt nettoprodukt. Som tillegg til nettoproduktet reknar ein visse statstilskot. Etter frådrag av kapitalrenta kjem ein fram til vederlaget for all arbeidskraft som er sett inn i jordbruket.

3. Investeringar, lån og statstilskot (Tab. 78-81)

I tabellane er det gitt eit oversyn over investeringane i jordbruket dei seinaste åra etter nasjonalrekneskapen. Bruttoinvesteringa omfattar også kapitalslit - vedlikehald og avskrivingar - som er rekna med som årleg kostnad i totalrekneskapen.

Det er gitt tal som syner den delen av utlåna frå bankar og kredittsamskipnader som fell på næringane jordbruk og skogbruk. Gjelda til private långjevarar og varegjeld til handlande er ikkje med i desse tala.

Gjennom statsbankane gir staten kreditt på rimelege vilkår. Utanom dette gir staten og direkte stønad til investeringar i jordbruket gjennom rentefritak og tilskot. Tabellane viser statens utgifter til ymse slike føremål og tilskota til prisregulering for jordbruksvarer m.v.

4. Løner i jordbruket (Tab. 82)

Den statistikken som frå 1915-16 blei henta inn for vanleg betalte løner i jordbruk og skogbruk i dei einiske kommunane, blei siste gongen utarbeidd for driftsåret 1967-68.

Hausten 1970 blei det henta inn individuelle lønsoppgåver for lønstakarar på bruk med minst 150 dekar jordbruksareal. Det er rekna ut gjennomsnittsløner etter løneform og stilling for i alt 2 488 menn og 726 kvinner. Statistikken er publisert i Lønnsstatistikk for ansatte i jordbruket 1970 (NOS A 390). For timelønte var gjennomsnittsløna for vanleg gardsarbeid kr. 10,06 pr. time.

Ved tariffavtalen mellom Jordbruks Arbeidsgiverforening og Norsk Skog- og Landarbeiderforbund blei den leiande timelønssatsen auka frå 1. juli 1970 med kr. 1,25 til kr. 9,80 pr. time for vaksne arbeidarar over 21 år med minst 4 års praksis.

5. Prisar på faste eigedomar (Tab. 83-85)

Byråets årlege statistikk over omsetnaden av fast eigedom byggjer på tinglysing av heimelsoverføringer. I statistikken er ikkje tatt med ekspropriasjon av grunn til gater og vegar, men elles all omsetnad av byggverk og grunn. Oppgåvane gjeld både fri og tvungen omsetnad, familiesal og heimelsoverføring ved arv eller gåve.

VII. HUSDYRPRODUKSJONEN 1969 (Tab. 86-98)

I samband med utvalstellinga pr. 20. juni 1970 blei det henta inn oppgåver for utrekning av produksjonen av kjøt, flesk, mjølk og egg i kalenderåret 1969. Liknande teljingar er haldne i 1928, 1947 og kvart 5. år frå og med 1950.

Undersøkinga av husdyrproduksjonen er krevjande både for teljar og oppgåvegivar. Svarprosenten har heller ikkje vore så høg over alt som ein kunne ønske. Sjølv om ein stor del av oppgåvane var

bra, var det også ved denne teljinga mange som var mangelfulle. Dette gjorde det nødvendig med suppleringer og korreksjonar, til dels etter skjønn. Resultata er difor usikre på somme punkt, slik at dei må nyttast med varsemd. Ein meiner likevel at teljinga gir mange verdfulle opplysningar. I denne publikasjonen har ein med resultata for produksjonen av mjølk og egg.

1. Mjølk (Tab. 86-95)

Samla produksjon av mjølk er rekna ut på grunnlag av oppgitt mjølkemengd på dei undersøkte bruka. Middels avdrått pr. dyr er ved produksjonsteljingane rekna ut etter oppgåver over samla produksjon og middels dyretal i året ved dei undersøkte bruka. Middels dyretal i året skulle i prinsippet reknast ut på same måten som i fjøskontrollen ved utrekning av "årskyr" og "årsgeiter".

Samla produksjon blei som i tidlegare år fordelt på sal og eige bruk.

a. Kumjølk (Tab. 86-92)

Av dei brukseiningane som var med i produksjonsteljinga, hadde 10 151 ku 20. juni 1969. Frå 10 007 blei det gitt oppgåver over mjølkeproduksjonen. Desse bruka hadde i alt 66 817 kyr i 1969. Det vil seie 98,8 prosent av kyrne på dei undersøkte bruka, eller 15,3 prosent av kyrne i landet (på bruk med minst 5 dekar jordbruksareal). Ved teljinga i 1965 var det gitt slike oppgåver for i alt 64 600 kyr, eller 11,8 prosent av kyrne i 1964. Som ved tidlegare teljingar var dei kyrne ein ikkje hadde produksjonsoppgåve for mest i små buskapar, og på bruk som hadde sluttat med ku frå 1969 til 1970. Ved utrekningane har ein ført inn tal for mjølkeproduksjonen på desse bruka. Som grunnlag for dette har ein nytta gjennomsnittstal for mjølkemengd pr. årsku innan dei ulike storleiksgruppene. Totaltal for 1969 er rekna ut på grunnlag av samla produksjon på dei undersøkte bruka. Det er gjort tillegg for mjølkeproduksjon på bruk under 5 dekar i tabell 86. Mjølkemengda på desse bruka har ein rekna ut ved å bruke gjennomsnittsproduksjonen pr. ku på bruk i storleiksklassen 5-19,9 dekar og talet på kyr pr. 20. juni 1969 på bruk under 5 dekar.

Mjølkeproduksjonen er fordelt etter bruken. Fløyte og smør er då rekna om til heilmjølk, medan svinn på bruket ikkje er rekna med. Som det går fram av tabell 87 er det til dels store avvik fylkesvis mellom meieristatistikken og produksjonsteljinga. Dette heng delvis saman med at meieri-leveransane går over fylkesgrensene. I tabell 88 er samla mjølkeproduksjon rekna ut som gjennomsnitt pr. bruk med ku 20. juni 1969. Talet på bruk med mjølkeproduksjon i året er større (1 941 bruk) enn talet på bruk med ku 20. juni. Grunnen til dette er at einskilde brukarar sluttat med ku før 20. juni, eller byrja etter denne dato. Produsert mjølkemengd pr. bruk med mjølkeproduksjon i 1969 var 20 640 kg, og pr. bruk med ku 20. juni 21 116 kg.

b. Geitmjølk (Tab. 93-95)

Produksjonen av geitmjølk er rekna ut på liknande måte som for kumjølk. Av brukseiningane som var med i teljinga, var det 380 som hadde geit 20. juni 1969. Frå 318 bruk var det gitt produksjonsoppgåver, og desse bruka hadde 7 461 geiter over 1 år i 1969. Det var 91,2 prosent av geitene på dei undersøkte bruka og 10,4 prosent av geitene i landet (bruk med minst 5 dekar jordbruksareal). Dette er noko meir enn ved teljinga i 1965, men grunnlaget for berekning av geitmjølkproduksjonen er likevel svakt jamført med berekningane for kumjølk. Teljingane både for 1964 og 1969 viser såleis noko større meierilevering av geitmjølk enn det meieria har tatt imot etter meieristatistikken. Skilnaden var 10 prosent i 1964 og 4 prosent i 1969.

2. Egg (Tab. 96-98)

5 116 av bruka som var med i produksjonsteljinga hadde høner i 1969. Det blei gitt oppgåver over eggproduksjonen for 3 931 bruk. Desse bruka hadde 452 065 høner pr. 20. juni. Dette var 89,3 prosent av hønene på dei undersøkte bruka og 14,3 prosent av hønene i landet på bruk med minst 5 dekar jordbruksareal. I 1964 fekk ein produksjonsoppgåver for 10,4 prosent av hønsehaldet på bruk over 5 dekar.

Som for ku og geit har ein spurt etter gjennomsnittleg dyretal i året. Sesongvariasjonen i dyretalet og forskyvingar i klekkjetida gjer likevel at talet på årshøner kan ha blitt usikkert oppgitt. I 1964 svara 100 høner pr. 20. juni til om lag 118 årshøner, medan det tilsvarande talet på årshøner var 97 i 1969. Grunnen til den store endringa er i nokon mon at klekkinga, og dermed oppverpinga ikkje viser så store sesongvariasjonar som før, og at eggprodusentane prøver å unngå daudperiodar i produksjonen ved å kjøpe inn meir verpeferdige kyllingar. Talet på høner pr. 20. juni vil dermed ikkje vere lågare enn for resten av året.

For å få uttrykk for samla produksjon, har ein ført inn produksjonstal for dei undersøkte bruka med høner pr. 20. juni som ikkje har gitt opp produksjon, og dessutan rekna ut eggmengd på bruk med under 5 dekar jordbruksareal. For utvalsbruk utan produksjonsoppgåve har ein ført inn tal som svarar til gjennomsnittleg produksjon pr. høne i storleiksklassen 5-19,9 dekar jordbruksareal. Det same har ein gjort ved utrekning av produksjonen på bruk med under 5 dekar jordbruksareal.

ENGLISH SUMMARY

According to the sample survey on 20 June 1970 of agriculture the total area of grains, dry peas and oil seed increased by 4 per cent compared to the previous year. The potato area decreased by 3 per cent, whereas the area of vegetables increased by 6 per cent. In 1970 the total crop yield amounted to 98 per cent of a mean annual yield (1969: 85 per cent). The production of vegetables and berries was of the same quantity as in 1969, but the fruit production decreased by 12 per cent.

The decline in the number of horses continued. There was also further decrease in the number of cows, whereas the number of cattle increased. The number of pigs, sheep and goats decreased.

A sample survey of livestock production in 1969 was carried out in 1970. This publication contains results for the production of milk and eggs. The annual milk yield was 4 027 kg per cow and 427 per goat. The egg production in 1969 amounted to 9.87 kg per laying hen.

T A B E L L A R

TABLES

TABELLREGISTER

| | Side |
|--|------|
| 1. Landarealet i dei einskilde fylke | 22 |
| 2. Bruka etter jordbruksareal. 1969 og 1970 | 23 |
| 3. Bruka etter storleiken på jordbruksarealet | 23 |
| 4. Bruk med minst 5 dekar jordbruksareal som dyrkar ymse vekstar | 24 |
| 5. Bruk med korn, erter og oljevekstar til mogning etter storleiken på arealet | 25 |
| 6. Bruk med potet etter storleiken på arealet | 25 |
| 7. Bruk med rotvekstar etter storleiken på arealet | 26 |
| 8. Jordbruksarealet etter bruken. 1 000 dekar | 26 |
| 9. Areal nytta til dei ymse jordbruksvekstar | 27 |
| 10. Jordbruksarealet i dei einskilde fylke etter bruken. 1970 | 28 |
| 11. Åker- og hageareal. 1970 i prosent av 1969 | 30 |
| 12. Jorddyrkning og grøfting med statsstønad. Dekar | 31 |
| 13. Jorddyrkning og grøfting med statstilskot etter fylke | 31 |
| 14. Avlinga i jordbruket | 32 |
| 15. Avlinga av dei ymse jordbruksvekstar. 1970 | 33 |
| 16. Avlinga i dei einskilde fylke rekna i føreiningar | 34 |
| 17. Avling pr. dekar | 35 |
| 18. Avlinga av dei ymse jordbruksvekstar etter fylke. 1970 | 36 |
| 19. Avlinga av dei ymse hagebruksvekstar. 1970 | 42 |
| 20. Avlinga i hagebruket. Tonn | 43 |
| 21. Middelsårsavlinga pr. dyrkingseining i hagebruket. Kg | 43 |
| 22. Avlinga av dei ymse hagebruksvekstar etter fylke. 1970 | 44 |
| 23. Avlinga av dei ymse hagebruksvekstar. 1969. Reviderte tal | 46 |
| 24. Husdyrhaldet. 20. juni | 47 |
| 25. Talet på dei ymse slag husdyr. 20. juni | 48 |
| 26. Husdyrhaldet 20. juni 1970 i prosent av 20. juni 1969 | 49 |
| 27. Talet på husdyr etter fylke. 20. juni 1970 | 50 |
| 28. Bruk med husdyr. 20. juni | 52 |
| 29. Dyretal pr. bruk med husdyr. 20. juni | 53 |
| 30. Store svinehald og hønsehald. 20. juni | 54 |
| 31. Bruk med ku etter talet på kyr. 20. juni | 54 |
| 32. Bruk med sau etter talet på sau. 20. juni | 55 |
| 33. Sommar- og vinterbuskap. 1 000 stk. | 55 |
| 34. Pelsdyr | 56 |
| 35. Husdyrprodukt til sal, heimeforbruk og før (nettoproduksjon) etter totalrekneskapen for jordbruket. Tonn | 56 |
| 36. Meieri og kondenseringsfabrikkar etter produksjonsgruppe | 56 |
| 37. Meieri etter innvegen mjølk frå eigne leverandørar | 57 |
| 38. Tilsette ved meieria i middel for året | 57 |
| 39. Innvegen mjølk og fløyte i meieri og kondenseringsfabrikkar | 58 |
| 40. Innvegen mjølk i meieri og kondenseringsfabrikkar etter bruken av mjølkefeitt | 58 |
| 41. Produksjon av smør og ost m.m. i meieri og kondenseringsfabrikkar | 59 |
| 42. Sal av mjølk og fløyte til konsum, iskrem, bakeri m.m. 1 000 liter | 60 |
| 43. Sal av mjølk og mjølkeprodukt utanom meieria | 61 |
| 44. Innanlands sal av smør og ost. Tonn | 62 |
| 45. Utførsle og innførsle av smør og ost | 62 |
| 46. Offentleg kjøtkontroll (førstegongskontroll) | 63 |
| 47. Offentleg kjøtkontroll (førstegongskontroll) etter landsdel. 1970 | 63 |
| 48. Offentleg kjøtkontroll (førstegongskontroll) etter månad | 64 |
| 49. Paringsstatistikk for svin | 65 |
| etter måned. Prosent. 1961 = 100 | 65 |

TABELLREGISTER (framh.)

| | Side |
|--|------|
| 51. Skinn frå pelsdyrgardane | 65 |
| 52. Resultat frå fjøskontroll-laga | 66 |
| 53. Traktorar, skurtreskjarar og fôrhaustarar i jordbruket. 20. juni | 67 |
| 54. Produksjon av maskinar og reiskapar til landbruket. Stk. | 68 |
| 55. Innførsle av landbruksmaskinar. Stk. | 68 |
| 56. Forbruk av handelsgjødsel rekna i tonn grunnstoff | 69 |
| 57. Tilgang på kraftfôr. Innført og frå innanlandske tilverkarar. Tonn | 69 |
| 58. Kraftfôromsetnaden i dei einskilde månader. Tonn | 70 |
| 59. Arbeidskrafta på bruken. 1 000 dagsverk | 71 |
| 60. Dagsverk. Prosent | 71 |
| 61. Dagsverk pr. bruk og pr. 100 dekar jordbruksareal | 71 |
| 62. Personlege brukarar etter bruket som leveveg | 72 |
| 63. Prisindeks for jordbruket. Årsindeks. 1965 = 100 | 73 |
| 64. Jordbruksprodukta sin byteverdi i høve til ymse varer og tenester. 1965 = 100 | 74 |
| 65. Kjøp og leigemaling av norsk korn. Korn- og potetrygd | 74 |
| 66. Prisar på norsk korn. Kr. pr. 100 kg | 75 |
| 67. Prisar til produsent for jordbruksprodukt | 75 |
| 68. Prisar på planteprodukt. Veke nr. 42. Øre pr. kg | 76 |
| 69. Prisar på husdyrprodukt. Kr. pr. kg | 76 |
| 70. Prisnoteringar for norsk ull. Kr. pr. kg | 77 |
| 71. Middelpisar for pelsskinn ved Oslo-auksjonane. Kr. pr. skinn | 77 |
| 72. Rekneskapsresultat i jordbruket | 78 |
| 73. Nettoinntekt. Kr. pr. familie | 78 |
| 74. Nettoutbyte ved meieria | 79 |
| 75. Driftsutgifter ved meieria. 1 000 kr. | 79 |
| 76. Nettoutbyte ved meieria etter bruken | 80 |
| 77. Jordbrukets totalrekneskap. Mill.kr. | 81 |
| 78. Innvesteringer i jordbruket. Mill.kr. | 81 |
| 79. Kjende utlån til jord- og skogbruk. Mill.kr. | 82 |
| 80. Statstilskot til bureising, jorddyrkning m.v. 1 000 kr. | 82 |
| 81. Tilskot til prisregulering over statsrekneskapen. Mill.kr. | 82 |
| 82. Gjennomsnittsforteneste for tilsette i jordbruket. September 1970 | 83 |
| 83. Sal av faste eigedomar i dei einskilde fylke | 84 |
| 84. Eigedomssal i heradskommunar etter storleik (matrikkel skyld). 1969 | 85 |
| 85. Middelpis pr. skyldmark for jordbruk i fritt sal i dei einskilde fylke. Kr. | 86 |
| 86. Produksjon av kumjølk. Tonn | 87 |
| 87. Produksjon av kumjølk etter bruken. Tonn | 88 |
| 88. Gjennomsnittleg produksjon av kumjølk pr. buskap med ku etter bruken. Kg | 89 |
| 89. Prosentvis fordeling av kumjølkproduksjonen etter bruken. 1969 | 90 |
| 90. Mjølkemengd pr. ku | 91 |
| 91. Mjølkemengd pr. ku etter fylke | 91 |
| 92. Produksjon av kumjølk etter buskapsstorleik. 1969. Bruk med minst 5 dekar jordbruksareal.. | 92 |
| 93. Produksjon av geitmjølk. Tonn | 92 |
| 94. Mjølkemengd pr. geit | 93 |
| 95. Produksjon av geitmjølk etter buskapsstorleik. Bruk med minst 5 dekar jordbruksareal | 93 |
| 96. Produksjon av egg. Tonn | 94 |
| 97. Produksjon av egg etter buskapsstorleik | 94 |
| 98. Eggmengd pr. høne | 95 |

INDEX OF TABLES

| | Page |
|--|------|
| 1. Land area by county | 22 |
| 2. Holdings by size of agricultural area. 1969 and 1970 | 23 |
| 3. Holdings by size of agricultural area | 23 |
| 4. Holdings with at least 5 decares agricultural area cultivating various crops | 24 |
| 5. Holdings with grains, dry peas and oil seed by size of area | 25 |
| 6. Holdings with potato by size of area | 25 |
| 7. Holdings with fodder roots by size of area | 26 |
| 8. Agricultural area by use. 1 000 decares | 26 |
| 9. Area used for different crops | 27 |
| 10. Agricultural area by county and use. 1970 | 28 |
| 11. Arable and horticultural land. 1970 as percentage of 1969 | 30 |
| 12. New cultivation and drainage with government subsidies. Decares | 31 |
| 13. Subsidized cultivation and drainage by county | 31 |
| 14. Agricultural production | 32 |
| 15. Agricultural crops. 1970 | 33 |
| 16. Agricultural production by county in terms of feed units | 34 |
| 17. Yield per decare | 35 |
| 18. Agricultural crops by county. 1970 | 36 |
| 19. Horticultural crops. 1970 | 42 |
| 20. Horticultural production. Tons | 43 |
| 21. Mean annual yield by unit of horticultural crops. Kilos | 43 |
| 22. Horticultural crops by county. 1970 | 44 |
| 23. Horticultural crops. 1969. Revised figures | 46 |
| 24. Livestock. 20 June | 47 |
| 25. Number of domestic animals. 20 June | 48 |
| 26. Livestock. 20 June 1970 as percentage of 20 June 1969 | 49 |
| 27. Number of domestic animals by county. 20 June 1970 | 50 |
| 28. Holdings with livestock. 20 June | 52 |
| 29. Heads per holding. 20 June | 53 |
| 30. Large stocks of pigs and poultry. 20 June | 54 |
| 31. Holdings with cows by number of cows. 20 June | 54 |
| 32. Holdings with sheep by number of sheep. 20 June | 55 |
| 33. Number of domestic animals. 1 000 heads | 55 |
| 34. Fur-bearing animals | 56 |
| 35. Livestock products for sale, home consumption and feeds (net production) according to aggregate account of agriculture. Tons | 56 |
| 36. Dairies and condenseries by main activity | 56 |
| 37. Dairies by quantity of milk received from own suppliers | 57 |
| 38. Persons employed at the dairies in average of the year | 57 |
| 39. Milk and cream receipts in dairies and condenseries | 58 |
| 40. Milk received in dairies and condenseries by utilization of butter fat | 58 |
| 41. Production of butter and cheese etc. in dairies and condenseries | 59 |
| 42. Sales of milk and cream for consumption, ice-cream, bakeries etc. 1 000 litres | 60 |
| 43. Sales of milk and milk products outside dairies | 61 |
| 44. Domestic sales of butter and cheese. Tons | 62 |
| 45. Exports and imports of butter and cheese | 62 |
| 46. Controlled slaughtering (first time control) | 63 |
| 47. Controlled slaughtering (first time control) by district. 1970 | 63 |
| 48. Controlled slaughtering (first time control) by month | 64 |
| 49. Covered sows | 65 |
| | 65 |

INDEX OF TABLES (cont.)

| | Page |
|---|------|
| 51. Production from fur farms | 65 |
| 52. Milk recording societies | 66 |
| 53. Number of tractors, combine-harvester and forage harvester in agriculture. 20 June | 67 |
| 54. Production of machinery and implements for agriculture. Nos | 68 |
| 55. Imports of agricultural machinery. Nos | 68 |
| 56. Consumption of commercial fertilizers in metric tons of N, P and K | 69 |
| 57. Supplies of concentrated feeds. Imports and deliveries from domestic producers. Tons | 69 |
| 58. Sales of concentrated feeds by month. Tons | 70 |
| 59. Labour force on holdings. 1 000 man-days | 71 |
| 60. Man-days. Percentages | 71 |
| 61. Man-days per holding and per 100 decares agricultural area | 71 |
| 62. Holders by holding as source of livelihood | 72 |
| 63. Index of agricultural prices. 1965 = 100 | 73 |
| 64. Purchasing power of farm products in proportion to various goods and services. 1965 = 100.. | 74 |
| 65. Grain purchased and grain milled for producer. State subsidies to grains and potatoes | 74 |
| 66. Prices of Norwegian grain. Kroner per 100 kilos | 75 |
| 67. Prices received by producers for agricultural products | 75 |
| 68. Crop prices. Week no. 42. Øre per kilo | 76 |
| 69. Prices of livestock products. Kroner per kilo | 76 |
| 70. Prices of Norwegian wool. Kroner per kilo | 77 |
| 71. Average prices of fur skins at the Oslo auctions. Kroner per skin | 77 |
| 72. Working results of farms | 78 |
| 73. Net income. Kroner per family | 78 |
| 74. Net income of dairies | 79 |
| 75. Expenditure of dairies. 1 000 kroner | 79 |
| 76. Net income of dairies by use of available money | 80 |
| 77. Aggregate account of agriculture. Million kroner | 81 |
| 78. Investments in agriculture. Million kroner | 81 |
| 79. Registered loans to agriculture and forestry. Million kroner | 82 |
| 80. Government subsidies to cultivation of new land, etc. 1 000 kroner | 82 |
| 81. Subsidies to the regulation of prices. Million kroner | 82 |
| 82. Average earnings in agriculture. September 1970 | 83 |
| 83. Sales of real property, by county | 84 |
| 84. Sales of real property in rural municipalities, by assessed site value. 1969 | 85 |
| 85. Average price per unit of assessed site value. Agricultural holdings, free sale, by county. Kroner | 86 |
| 86. Production of cow's milk. Tons | 87 |
| 87. Production of cow's milk,by utilization. Tons | 88 |
| 88. Average production of cow's milk per holding with cows,by utilization. Kilo | 89 |
| 89. Percentage distribution of cow's milk production, by utilization. 1969 | 90 |
| 90. Milk yield per cow | 91 |
| 91. Milk yield per cow by county | 91 |
| 92. Production of cow's milk by size of stock. 1969. Holdings with at least 5 decares agricultural area | 92 |
| 93. Production of goat's milk. Tons | 92 |
| 94. Milk yield per goat | 93 |
| 95. Production of goat's milk by size of stock. Holdings with at least 5 decares agricultural area | 93 |
| 96. Production of eggs. Tons | 94 |
| 97. Production of eggs by size of stock | 94 |
| 98. Egg production per laying hen | 95 |

Tabell 1. Landarealet i dei einiske fylke Land area by county

| Fylke County | Land- areal i alt Total land area | Jordbruksareal ¹⁾ Agricultural area ¹⁾ | | Skog ²⁾ Forest ²⁾ | | Anna areal Other land | |
|---------------------------|--|---|-------------------------|--|--|--|---|
| | | I alt Total | Fulldyrka Cultivated | I alt Total | Produktiv skog Productive forests | Under skoggrensa Below the forest line | Over skoggrensa Above the forest line |
| | | | | Km ² | | Sq.km | |
| Østfold | 3 914 | 738 | 717 | 2 509 | 2 150 | 667 | - |
| Akershus og Oslo | 5 065 | 800 | 758 | 3 315 | 3 114 | 950 | - |
| Hedmark | 26 139 | 956 | 882 | 14 355 | 12 277 | 3 120 | 7 708 |
| Oppland | 24 125 | 878 | 752 | 7 249 | 5 872 | 3 435 | 12 563 |
| Buskerud | 13 928 | 491 | 436 | 6 130 | 5 143 | 1 449 | 5 858 |
| Vestfold | 2 137 | 428 | 418 | 1 279 | 1 167 | 430 | - |
| Telemark | 14 186 | 267 | 233 | 5 640 | 4 350 | 3 077 | 5 202 |
| Aust-Agder | 8 610 | 120 | 110 | 3 988 | 3 085 | 1 536 | 2 966 |
| Vest-Agder | 6 816 | 188 | 155 | 2 180 | 1 873 | 1 903 | 2 545 |
| Rogaland | 8 477 | 679 | 443 | 948 | 718 | 4 569 | 2 281 |
| Hordaland og Bergen | 14 962 | 506 | 317 | 2 439 | 1 934 | 5 180 | 6 837 |
| Sogn og Fjordane | 17 829 | 471 | 296 | 2 620 | 2 053 | 5 464 | 9 274 |
| Møre og Romsdal | 14 680 | 582 | 462 | 2 736 | 2 189 | 5 206 | 6 156 |
| Sør-Trøndelag | 18 111 | 684 | 623 | 5 040 | 3 846 | 4 334 | 8 053 |
| Nord-Trøndelag | 21 056 | 754 | 724 | 7 447 | 5 894 | 3 359 | 9 496 |
| Nordland | 36 288 | 573 | 469 | 6 555 | 4 462 | 4 029 | 25 131 |
| Troms | 25 121 | 317 | 259 | 4 317 | 3 111 | 4 571 | 15 916 |
| Finnmark | 46 544 | 104 | 85 | 4 552 | 1 586 | 9 508 | 32 380 |
| I alt Total | 307 988 | 9 536 | 8 139 | 83 299 | 64 824 | 62 787 | 152 366 |

Prosent Percentages

| | | | | | | | |
|---------------------------|-----|------|------|------|------|------|------|
| Østfold | 100 | 18,9 | 18,3 | 64,1 | 54,9 | 17,0 | - |
| Akershus og Oslo | 100 | 15,8 | 15,0 | 65,4 | 61,5 | 18,8 | - |
| Hedmark | 100 | 3,7 | 3,4 | 54,9 | 47,0 | 11,9 | 29,5 |
| Oppland | 100 | 3,6 | 3,1 | 30,1 | 24,3 | 14,2 | 52,1 |
| Buskerud | 100 | 3,5 | 3,1 | 44,0 | 36,9 | 10,4 | 42,1 |
| Vestfold | 100 | 20,0 | 19,6 | 59,9 | 54,6 | 20,1 | - |
| Telemark | 100 | 1,9 | 1,6 | 39,7 | 30,7 | 21,7 | 36,7 |
| Aust-Agder | 100 | 1,4 | 1,3 | 46,3 | 35,8 | 17,8 | 34,5 |
| Vest-Agder | 100 | 2,8 | 2,3 | 32,0 | 27,5 | 27,9 | 37,3 |
| Rogaland | 100 | 8,0 | 5,2 | 11,2 | 8,5 | 53,9 | 26,9 |
| Hordaland og Bergen | 100 | 3,4 | 2,1 | 16,3 | 12,9 | 34,6 | 45,7 |
| Sogn og Fjordane | 100 | 2,6 | 1,7 | 14,7 | 11,5 | 30,7 | 52,0 |
| Møre og Romsdal | 100 | 4,0 | 3,1 | 18,6 | 14,9 | 35,5 | 41,9 |
| Sør-Trøndelag | 100 | 3,8 | 3,4 | 27,8 | 21,2 | 23,9 | 44,5 |
